

5100 ISDALSTØ	Møte- stad: Lindås rådhus	Møte dato: 21.06.89
Saks- hands.: F. Fosse	Arkiv: 141/39	Sak nr 59/89
Byggh./ meldar: Anders Johansen	Adr. 5102 Alversund	
Saka gjeld:	Søknad om dispensasjon frå veglovas reglar for byggegrensar.	
<p>Vedlegg: 1. Søknad av 01.03.89 frå Anders Johansen. 2. Situasjonsplan M = 1:155. 3. Kart M = 1:1000.</p> <p>MERKNADER:</p> <p>Det vert søkt om å føra opp uthus i ein minste avstand av 2.6 m frå midtlina av kommunal veg i Kvamsvåg. Med omsyn til sikt, snøopplag og framtidig vedlikehald/utbetring er dette for nær vegen. Vegbana er 3 m breid.</p> <p>Dersom uthuset vert trekt mot sør slik at avstanden til midten av vegen vert 3.7 m vil ein kunna tilrå dispensasjon. Langs den kommunale vegen må støypekanten forlengast 3.3 m mot nord.</p> <p>Uthuset skal ikkje nyttast som garasje.</p> <p>FRAMLEGG TIL VEDTAK:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teknisk utval kan ikkje gje dispensasjon for ein minste avstand på 2.6 m frå midtlina av vegen.</li> <li>2. Det vert gjeve dispensasjon for ein minste avstand av 3.7 m fr midtlina under føresetnad av at uthuset vert flytta mot sør og støypekanten vert forlenga mot nord 3.3 m Elles gjeld standardvilkåra i søknadsskjemaet.</li> </ol> <p>VEDTAK</p> <p>Framlegg til vedtak vert samrøystes godkjent.</p>		
For Teknisk utval	Utskrift sendt til: Anders Johansen	